

## U.S. Veidekke har 102 i arbeid med å byggja demninga i Leirdalen.



*Dette er eit oversynsbilete der demninga skal liggja. Som ein ser er fjellet reinskrapa. For at dei skulle få gjera arbeidet, har dei senka vatnet 5 meter. I bakgrunnen ser me ein del av Tunsbergdalen som no vil verta fett under vatn.*

Anleggsdrifta ved Leirdøla-utbygginga går no for fullt. S. Seg-Henriksen har etter starten i fjor drive utan stopp, medan U/S Veidekke som skal byggja demninga, berre kan gjera arbeidet i sommarhalvåret. I midten av april tok dei til med brøytinga ved dammen, og dei har sidan trappa opp og har i dag 102 i arbeid med å administrera og byggja demninga ved enden av Tunsbergdalen.

U/S Veidekke byggjer for NVE, og entreprisen på demninga lyder på 33 mill. kroner i tillegg til løns- og pristigging. Dei tok til med arbeidet i fjor. Det er såleis no andre sesongen, og dei reknar med at arbeidet med dammen vert gjort unna neste sommar.

Arbeidet som vart gjort i fjor var fjerning av lausmasjar der dammen skulle liggja og indekksjon av damfoten. Det vil seia at det vert bora ned hol i fjellet under demninga og fylt i betong i dei sprekkene som måtte finnast i fjellet. Dette fordi det ikkje skal verta lekkasje under demninga. All lausmasse er no skrappt vekk slik at heile damfoten ligg på fast fjell. Heilt ned til dei minste hola i fjellet er det gjort reint, og holer over ein viss storleik vert fylte med betong. Anleggsleiar Reine ved U/S Veidekke kunne fortelja at det vart stilt svære strenge krav til klargjeringa av damfoten og at kvar enkel rute vart kontrollert.

## Vanleg fyllingsdam.

Reine rekna denne demminga for ein vanleg fyllingsdam. Den vert bygd opp av heile 7 lag med fyllmasse. I midten vert det lagt eit lag med morene og tetningsjarn, og det er dette laget som skal gjera demminga tett. På kvar side av morenemassen vert det lagt eit lag med filtergrus. Utanpå filtergrusen vert det lagt ei overgangsfone av tunnelstein. Utanpå den att kjem så støttefyllinga, som er av stor brotstein. På toppen vil demninga verta 6 meter brei, medan ho i botnen vert opptil 160 meter brei, alt etter terrenget. Høgda på demninga vil verta opp til 40 meter, og den vil når den er ferdig, røma ein million kubikkmeter fyllmasse.



Frå steinbrotet i Dunsbergdalen. På biletet ser me ein 30 tonns dumper køyrer ut med lafs. Bak steinbrotet kan me sjå to av boreriggane. Riggeren til venstre er ein heilt ny type som heiter Copco Roe 606, og den borar ned 6½" røyr. Riggeren til høgre er ein Copco Roe 701, og tjuftna på boren der er 3½".



Dette biletet er teke i juli i fjor like etter at arbeidet på dammen starta. Ein kan sjå at dei er byrja å fjerna lausmasjar på toppen medan resten av området ikkje går ann å fjenna att i dag.



## Stort fribord på grunn av ras og Brimkjelen.

Fribordet på demminga, det vil seia avstanden mellom høgste regulerte vassstand og toppen på demminga, er på 5 meter, og det er rekna for å vera meir enn vanleg. Grunnen til dette er at demminga skal vera i stand til å ta mot flodbylgjer som vil koma dersom det går ras ned i bassenget. I tillegg har ein Brimkjelen som har vore årsak til storflaumar tidlegare. Med dette fribordet meiner dei å kunna ta mot slike store vassmengder.

## Stor maskinpark.

Anleggsleiari Reine reknar med at maskinparken som arbeider ved demminga har ein verdi på om lag 20 mill. kroner. Det kan nemnast at det er eit eige firma som har to mann i arbeid berre for å stå for kontroll og skifting av dekk på maskinane. U/S Veidekke har også sett opp eigen verkstad på anleggsstaden slik at dei kan gjera reparasjonane på maskinane der.



*Overfikt over arbeidet med å leggja botnen i demminga. Her arbeider store maskinar side om side med mennene som legg ned morenemasfen for hand.*



*Dette er brakkebyen til H. Ceg-Henriksen og A/S Veidette i Leirdalen.*

\* \* \*

Sogn og Fjordane.  
9. juli 1976.